

Reglar ved Odda Folkebad

Rus, fotografering og ansvar:

- Alle må fylgja badevaktene sine rettleiingar.
- Rusa og støyande personar vert bortvist.
- All bruk av mobil- og fotokamera er forbode i garderobe og dusjområdet.
- Det kan takast bilete i symjehallen etter avtale med badevaktene.

Vi ynskjer at gjestene våre skal føla seg trygge og trivast hos oss. For å oppnå det, må gjestene på Odda folkebad følgja felles reglar. All bading føregår på eige ansvar, foreldre/føresette skal sjå til eigne barn. Badevaktene overvakar og hjelper om noko skjer. Slå alarm til badevaktene om du oppdagar personar som treng hjelp.

Barn under 10 år og personar som ikkje kan symja:

- Du må vera over 10 år og kunna symja for å bada åleina på Odda folkebad.
- Barn under 10 år må ha følgje med vaksen (over 16 år) som kan symja.
- Personar som ikkje kan symja har ikkje lov å opphalda seg på djupet åleine.
- Ein symjedyktig person (over 16 år) kan maks ha med seg 3 barn under 10 år eller 3 som ikkje er svømmedyktige.
- Er barna er under 10 år, må den vaksne til kvar tid vera saman med og ha kontroll på dei han/ho har med seg.
- Kva vil det seia å vera symjedyktig? Sjå bakside av arket.



Før bading

- Vask hår og kropp før du går ut i bassenget.
- Har du opne sår, kan du ikkje opphalda deg i bassenget.
- Badetøy skal vera reint og takast på etter kroppsvask.
- Det er ikkje tillate å bada med undertøy.
- Gjester som av religiøse eller kulturelle forhold ynskjer å bada i heildekjkjande tøy, må vaska heile kroppen inkludert håret, og iføra seg reint tøy som blir dusja før dei inntar bassenget.

Ved bading, symjing, hopping og stuping

- Våte fliser er svært glatte, ikkje spring i garderobe, dusj eller bassengområdet.
- Det er strengt forbode å trekka og halda nokon under vatn. Slåssing er ikkje tillate.
- Du må aldri hoppa på nokon andre.
- Berre ein om gongen skal gå opp på tremeteren, vent til personen har hoppa før du går opp.
- Gjenstandar som glas, nåler, plaster, vatt og tyggegummi kan medføra skadar på person og anlegg, dette må ikkje takast med i anlegget.
- Snorkel og store badeleikar skal ikkje brukast i bassenget.
- Det er ikkje tillate å konkurrera om å halda pusten lengst under vatn.

Diverse

- Det skal ikkje nyttast badetøy i badstue. Alle må sitja på eige håndkle.
- Personleg hygiene som barbering, negleklipping o.l. skal ikkje førekommme hos oss.
- Røyking er forbode, samt bruk av snus og tyggegummi er ikkje tillate i svømmehallen.
- Mat er ikkje tillate i garderobe, dusj og bassengområdet.
- Ta godt vare på eigedelane dine. Odda folkebad er ikkje ansvarleg for bortkomne gjenstandar.
- Brot på reglane kan føra til bortvisning.

Er barnet ditt symjedyktig?

Å tenkje gjennom:

Kompetanse målet for om ein er symjedyktig etter 4. klasse seier: «eleven skal vera svømmedyktig ved å falla ut i djupt vatn, symja 100 meter på magen, og undervegs dykka ned og henta ein gjenstand med hendene, stoppa og kvila i 3 minutt (medan ein flyt på magen, orientera seg, rullea over, flyta på rygg), så symja 100 meter på rygg og ta seg opp på land».

Ein som symjer vert definert som ein som kan handtera eit uventa fall ut i djupt vatn (Whiting, 1971). Ein symjedyktig elev beherskar grunnleggjande symjing og tryggleik i vatn, sjølvberging og livredning. Desse eigenskapane er i kompetanse måla knytt opp mot forståing og refleksjonar rundt trygg ferdsel i-, ved-, og på vatn, båtvett, isvett og sjøvett, og det å vareta eiga trygging og tilkalla hjelp om ulykka er ute.

Dette kan du lesa meir om på nettsidene: svømmedyktig.no



Frå fylte 10 år kan du bada åleine om du er symjedyktig. Før det må du alltid bada med ein symjedyktig vaksen (over 16 år).